



Notat

Dato: 15.09.2014
Arkivsak: 2014/20899-1
Saksbehandlar: livsund

Til: Fylkesutvalet, Kultur- og ressursutvalet, Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Plankonferansen 2014 - program

Hordaland fylkeskommune arrangerer årlege plankonferansar for kommunane, regionale sektororgan, konsulentar m.fl..

Årets konferanse finn stad 28. – 29. oktober på Hotel Grand Terminus i Bergen. Hovudtema er «Klima i areal- og transportplanlegging – frå ord til handling». Konferansen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Dag 1, tirsdag 28. oktober vert innleia av fylkesordføraren og har eit variert program om klimautfordringar globalt, nasjonalt regionalt og lokalt, også med eksempel frå Skottland. Dag 2, 29. oktober er spesielt retta mot fagpersonar.

Konferansen er ein viktig møteplass for fagfolk og politikarar frå heile fylket, og temaet er aktuelt både for Kultur- og ressursutvalet, Samferdselsutvalet og Fylkesutvalet.

Program er vedlagt og påmeldingsskjema vert lagt ut på <http://kurs.hfk.no/kurs-og-konferansar/2014/Plankonferansen-2014>. Informasjon vert også lagt ut på www.hordaland.no/plan

Velkomen til konferanse!

